



Framtidssamfunnet

Mandat og styrande dokument

Framtidssamfunnet er eit samarbeid mellom
det offentlege, næringsslivet, kunnskapsaktørar og det frivillige.

Samhandlingsarenaen er eit kommunalt ansvar, men organisert og styrt
etter prinsippa nedfelt i mandatet og styrande dokument.



1. Innleiing

Verda endrar seg raskare enn vi klarer å tilpassa oss - demografiske endringar, ny teknologi, klimautfordringar, nye kunnskapsbehov, samt auka uro og konfliktnivå. Dette pregar verda, Europa, Noreg, Vestlandet og Øygarden. Store og raske endringar fordrar at vi finn nye måtar å løysa samfunnsbehova våre på. Parallelt med store endringar kjem også mange mogelegheiter og nye idéar. For å utnytta mogelegheitene, må behov og idéar knytast saman slik at vi finn betre løysingar - både på utfordringar i dag og i morgen. Vi må også tilpassa måten vi arbeider på raskare enn det som har vore tilfellet tidlegare.

Samfunnsutfordringane som Øygarden må løysa er ikkje unike for Øygarden, men på nokre område har Øygarden unike fortrinn til å løysa dei. Innbyggjarar, kommune og lokalt næringsliv har lange tradisjonar for å finna løysingar saman. Ein har utvikla ein kultur der innovasjon og samarbeid har skapt både spennande næringar og eit samfunn der det er godt å bu og leva.

For at dette skal halda fram, er det nødvendig å utnytta fortrinna endå meir framover. Dette er grunnen til at Øygarden kommune og Vest Næringsråd har teke initiativ til å etablera Framtidssamfunnet.

Kommunestyret vedtok 20. juni 2024 – sak 090/24 – å etablera Framtidssamfunnet som eit prosjekt med formannskapet som styringsgruppe:

1. Kommunestyret vedtek å etablera Framtidssamfunnet frå hausten 2024.
2. Framtidssamfunnet vert etablert som eit prosjekt med formannskapet som styringsgruppe. Ordførar set dagsordenen i Framtidskomiteen.
3. Ordførar, varaordførar, leiar for det største opposisjonspartiet og kommunedirektøren vert oppnemnd som kommunen sine representantar i Framtidskomiteen.
4. Organiseringa av Framtidssamfunnet vert lagt til kommuneorganisasjonen, i oppgåveportefølja til næringssjefen.
5. Kommunestyret ber kommunedirektøren komma attende med ei sak hausten 2024, der framlegg til ny partnarskapsavtale med Vest næringsråd vert lagt fram.
6. Prosjektet skal evaluerast to år etter etablering.

Dette dokumentet omhandlar mandat, organisering og drift av Framtidssamfunnet og prosessar knytt til tiltak og enkeltprosjekt.

“
Framtidssamfunnet skal bidra til å skapa eit øygardsamfunn som er godt å bu, leva og arbeida i





2. Organisering

I etableringsfasen/prosjektfasen er Framtidssamfunnet organisert som eit prosjekt med Øygarden kommune og kommunestyret som prosjekteigar og formannskapet som styringsgruppe.

Framtidssamfunnet er ei av oppgåvene i oppgåveporteføljen til næringssjefen med næringssjefen som prosjektleiar (heretter sekretariatsleiar).

Øygarden kommune har ansvaret for finansiering og drift av den administrative delen av Framtidssamfunnet, medan dei ulike tiltaka/enkeltprosjekta vert finansierte særskilt gjennom prosjektmidlar, tilskot og bidrag frå deltakarar.

2.1. Sekretariat

Sekretariatet er ansvarleg for dagleg drift av Framtidssamfunnet, medrekna oppfølging av tiltak og prosjekt som er starta opp. I tillegg skal sekretariatet vera aktiv formidlar av informasjon og kunnskap gjennom heimeside, sosiale medium, presse, konferansar og i relevante forum. Sekretariatsleiar skal også delta i programkomitéen for Øygardskonferansen.

Følgjande roller utgjer sekretariatet:

- Næringssjef i Øygarden kommune (leiar)
- Innovasjonsrådgjevar
- Rådgjevar næring, Øygarden kommune
- Kommunikasjonssjef, Øygarden kommune
- Kommunikasjonsleiar, Vest Næringsråd
- Prosjektmedarbeidar, Vest Næringsråd*

Utover sekretariatet skal det peikast ut prosjektleiatar og medarbeidrarar frå samarbeidande aktørar.

Sekretariatet skal syta for opplæring og oppfølging av prosjektressursane.



Sekretariatsleiar rapporterer fortløpende til kommunedirektøren og kvartalsvis rapportering til formannskapet om dagleg drift og prosjektstatus.

Sekretariatet har også ansvaret for å førebu saker til framtidskomitéen og prosjektjuryen, møteprotokollar etc.

* Vil supplera sekretariat når denne ressursen er på plass



2.2. Framtidskomitéen

Framtidskomitéen skal ha eit overordna ansvar for Framtidssamfunnet og er sett saman av personar med ulik kompetanse og som representerer ulike delar av øygardsamfunnet. Det er viktig at alle samarbeidande aktørar er representerte i framtidskomitéen, i tillegg til representasjon for unge og frivilligheita.

Komitén er ansvarleg for å setja rammer for Framtidssamfunnet, kriterium for kva type prosjekt/utfordringar ein skal jobba med, sikra at Framtidssamfunnet utviklar seg etter intensjonen, disponering av framtidsfondet og den strategiske utviklinga av samarbeidet.

Framtidskomitéen møtast normalt to gonger pr år.

Følgjande roller utgjer framtidskomitéen:

- Ordførar (leiar)
- Varaordførar
- Leiar for største opposisjons parti
- Kommunedirektør
- Styreleiar, Vest Næringsråd
- Representant, Vestland fylkeskommune
- Representant, UiB
- Representant, HVL
- Representant, Helse Bergen HF
- Partnar/direktør PWC
- Dagleg leiar GCE Ocean Technology
- Dagleg leiar NCE Seafood Innovation
- Representant Northern Lights
- Fellesrepresentant frivillige organisasjonar

2.3. Prosjektjury

Basert på søknader og innmeldte behov skal prosjektjuryen vurdera tiltak og/eller prosjekt som skal testast ut i Framtidssamfunnet. Juryen skal vurdera tiltak og prosjekt opp mot kriteria i prosjektguiden fastsett av framtidskomitéen.

Prosjektjuryen skal setjast saman av personar med god kjennskap til samfunnsutviklinga og trendar, og særskilt god organisasjonsforståing. På den måten skal ein førebyggja prosjekt og initiativ som ikkje er realistiske.



Følgjande roller utgjer prosjektjuryen:

- Kommunedirektør (leiar)
- Dagleg leiar, Vest Næringsråd
- Næringsjef, Øygarden kommune
- Administrerande direktør Nansensenteret
- Direktør Eitri Helseinnovasjonssenter og inkubator
- Leiar av ungdomsrådet

3. Mandat

Framtidssamfunnet skal vera ein samarbeidsarena der ein fasiliterer fram og testar ut løysingar på samfunnsutfordringar som den enkelte aktør ikkje klarar å løysa på eiga hand.

Framtidssamfunnet, og dermed framtidskomiteén, sit mandat er å forvalta tilskot, økonomiske bidrag og prosjektmidlar i samsvar med intensjonen som ligg til grunn for etablering av Framtidssamfunnet.


Framtidssamfunnet skapar verdi gjennom strukturerte prosessar og arbeidsmetodar for å løysa samfunnsutfordringane.

For å løysa dei store samfunnsutfordringane, må ein tenkja nytt og jobba på nye måtar. Aktørar som i utgangspunktet arbeider svært ulikt, må finna saman. Framtidssamfunnet kan bli arenaen der ein evnar å skapa dette samarbeidet – gjennom strukturerte prosessar og innovative arbeidsmetodar. I Framtidssamfunnet skal aktørane som er best eigna for det, saman med sterk prosjektleiar- og fasilitatorkompetanse, skapa og testa løysingar i fellesskap. Øygarden skal nyttast som testarena.



4. Framtidsprosessen

Framtidsprosessen er skildra i grunnlagsdokumenta for etablering av samhandlingsarenaen. Sekretariatet har ansvar for å utarbeida, og deretter fortløpende vidareutvikla, prosedyrar og rutinar i samsvar med føringane i grunnlagsdokumenta og seinare styringssignal frå formannskapet og/eller framtidskomitéen.



Vedtekne prosedyrar og rutinar inngår som ein del av styrande dokument for Framtidssamfunnet. Sekretariatet har ansvaret for fortløpende oppdatering.


5. Prosjektguide

Det skal utviklast ein guide som grunnlag for å vurdera om eit føreslått tiltak/prosjekt løyser ei relevant samfunnsutfordring og dermed høyrer heime i Framtidssamfunnet. Inntil det føreligg ein meir detaljert prosjektguide godkjent av Framtidskomitéen, vil føringane i dette dokumentet vera førande for prosjektjuryen.



Tiltaket/prosjektet:

- er nyskapande og representerer auka samhandling som svar på viktige oppgåver/utfordringar i samfunnsutviklinga
- har eit sterkt behov for samarbeid mellom aktørane i test- /prosjektperioden
- er relevant for fleire av dei samarbeidande aktørane
- er innanfor dei prioriterte fokusområda
- passar godt i prosjektporlefølja
- utløyer nye moglegheiter for fleire av dei samarbeidande aktørane
- er mogleg å gjennomføra innan rammene til Framtidssamfunnet/samhandlingsaktørane
- har stadfesting på bidrag frå interessentar



Prioriterte fokusområde:

- Framtidas velferdsteneste
- Det grøne skiftet
- Mobilitet
- Framtidas kompetanse
- Nettverk og samhandling på tvers av aktørane



Finansiering

Øygarden kommune er ansvarleg for administrasjon og drift av samhandlingsarenaen Framtidssamfunnet. Kommunen finansierer difor nødvendige administrative ressursar, i startfasen også bidrag til eventuell ressurs i Vest Næringsråd. På sikt er det naturleg at næringslivet finansierer eigne dedikerte ressursar.

Kommunen finansierer eigen bemanning	Næringslivet finansierer årsverk i Vest Næringsråd	Framtidsfondet finansierer prosjektspesifikke kostnadar	Aktørar finansierer relevante prosjektspesifikke kostnadar
Eit årsverk i Øygarden kommune 	Eit årsverk i Vest Næringsråd 	Lønn/kostnad prosjektleiing og fasilitator	
Driftskostnadar knytt til gjennomføring av Framtidsprosessen	Evt. fleire dedikerte ressursar		Kostnadar for å etablere og gjennomføre pilot
Avsetting av ressursar til Framtidssamfunnet i dei ulike kommunalavdelingane			
Etablering av rammeavtale for prosjektleiing og fasilitering			

5.1. Framtidsfond

I tråd med tilrådinga som ligg til grunn for etablering av Framtidssamfunnet, er det etablert eit framtidsfond øyremerket tiltak og prosjekt i regi av framtidsfondet. Av rekneskapsmessige omsyn/reglar, vil dette fondet vera eit disposisjonsfond. Bruk av midlar frå eit disposisjonsfond må forankrast i kommunestyret. Uttak av midlar frå framtidsfondet må difor fremjast via formannskapet og vedtak i kommunestyret.

Framtidsfondet skal sikra føreseieleg finansiering over tid og leggja til rette for prosjekt som går over fleire år.

Framtidsfondet skal øyremerkast til realisering av tiltak og prosjekt i Framtidssamfunnet, og kan ikkje brukast til administrasjon av arenaen. Sekretariatet skal utarbeida retningslinjer for fondet som skal forankrast i både framtidskomitéen og kommunestyret.

Ved etablering av Framtidssamfunnet er det oppretta eit framtidsfond som vert disponert av kommunestyret etter innstilling frå formannskapet på kr. 1 500 000,-.